

1983. 8. juni – Sysselsettingen og arbeidsmarkedspolitikken

**Møte onsdag den 8. juni kl. 10.**

President: Håkon Randal.

Dagsorden (nr. 101):

1. Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om sysselsettingen og arbeidsmarkedspolitikken. (Innst. S. nr. 289, jfr. St.meld. nr. 85).
2. Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om tilskott til skatteutjæmningsmidler og om utligning av fellesskatt, fylkesskatt og kommunal inntektsskatt for 1984. (Innst. S. nr. 290, jfr. St.prp. nr. 111).
3. Tilråding frå forsvarskomiteen om ikkje-handsaming av St.meld. nr. 78 for 1982–83 Om hestetjeneste i Forsvaret. (Innst. S. nr. 218).
4. Innstilling fra forsvarskomiteen om revisjon av befalsordningen i Forsvaret. (Innst. S. nr. 270, jfr. St.prp. nr. 76).
5. Tilråding frå forsvarskomiteen om omdisponering av og tilleggsløyving til forsvarsbudsjettet for 1983 i samband med Noregs deltaking i FN's fredsbevarende styrkar i Libanon. (Innst. S. nr. 273, jfr. St.prp. nr. 116).
6. Innstilling fra forsvarskomiteen om endring av «Regulativ for tillegg m.v. til utskrevne vernepliktige mannskaper». (Innst. S. nr. 284, jfr. St.prp. nr. 120).
7. Innstilling fra forsvarskomiteen om tiltak iverksatt i medhold av kap. II og III i lova av 14. desember 1956 nr. 7 om forsynings- og beredskapstiltak. (Innst. S. nr. 263, jfr. St.meld. nr. 79).
8. Referat.

Vidare låg føre følgjande tilleggsdagsorden (nr. 103) for handsaming kl. 12:

Erklæring frå Regjeringa.

*Endringar i Regjeringas og Stortingets samansetjing.*

**Presidenten:** Frå Statsministerens kontor har Stortinget motteke følgjande brev datert 8. juni 1983:

«Statsministerens kontor har den ære å meddele at H. M. Kongen i statsråd 8. juni 1983 har bestemt:

1. Statsrådene Hveding, Koppernæs, Austad, Frogn Sellæg, Løken og Skauge gis avskjed i nåde fra sine embeter som medlemmer av Kongens råd fra 8. juni 1983 kl. 10.00.
2. Stortingsrepresentantene Kåre Kristiansen, Johan J. Jakobsen, Kjell Magne Bondevik, Asbjørn Haugstvedt, administrerende di-

rektør Finn T. Isaksen og sekretær i Stortingets justiskomite Rakel Surlien utnevnes til statsråder fra 8. juni 1983 kl. 10.00.

3. Med virkning fra 8. juni 1983 kl. 10.00 overtar de nye statsråder styret av departementene således:

Statsråd Kåre Kristiansen, Olje- og energidepartementet.

Statsråd Johan J. Jakobsen, Samferdselsdepartementet.

Statsråd Kjell Magne Bondevik, Kirke- og undervisningsdepartementet,

Statsråd Asbjørn Haugstvedt, Handelsdepartementet,

Statsråd Finn T. Isaksen, Landbruksdepartementet,

Statsråd Rakel Surlien, Miljøverndepartementet.»

Presidenten gjer framlegg om at dette brevet vert lagt ved protokollen – og ser det som vedteke.

Desse endringane i Regjeringa fører til følgjande endringar i Stortingets samansetjing:

Dei tidlegare medlemene av Regjeringa fru Inger Koppernæs, hr. Tore Austad, hr. Johan C. Løken og hr. Arne Skauge tek sete som representantar.

Følgjande vararepresentantar møter som representantar den tida representantane Asbjørn Haugstvedt, Kjell Magne Bondevik, Kåre Kristiansen og Johan J. Jakobsen er medlemmer av Regjeringa:

For Hordaland fylke: byrettsdomar Svein Alsaker. For Møre og Romsdal fylke: fylkesordførar Kjell Furnes. For Oslo: lege Eleonore Bjartveit. For Nord-Trøndelag fylke: fylkessekretær Ottar Gravås.

Presidenten gjer framlegg om at første vararepresentant for Hordaland fylke, eksportsjef Brita Borge, blir kalla inn for å møte under stortingspresident Per Hysing-Dahl sin permisjon – og ser det som vedteke.

Vidare gjer presidenten framlegg om at fru Borge blir vald inn i Lagtinget for den tida ho møter for stortingspresident Hysing-Dahl. – Også det er vedteke.

Fru Borge er til stades og vil ta sete.

Ein gjekk til handsaming av sakene på hovuddagsordenen:

Sak nr. 1.

*Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om sysselsettingen og arbeidsmarkedspolitikken.* (Innst. S. nr. 289, jfr. St.meld. nr. 85).

**Presidenten:** Etter samråd med komiteen gjer presidenten framlegg om at debatten om